

SAK 54/21 MANDAT TIL SAMFERDSELSUTVALET**Saksopplysning**

I sak 07-21 «Etablering av samferdselsutval» gjorde Hallingtinget slikt vedtak:

1. Hallingtinget ser på arbeidet med å styrke innsatsen for bedre veg og bane i og til Hallingdal som ei prioritert oppgåde, der det er nødvendig med ein forsterka innsats.
2. Det blir oppretta eit eige samferdselsutval under Regionrådet for Hallingdal, som skal ha som arbeidsoppgåde å arbeide med samferdseloppgåver, etter nærare prioriteringar, gjeve av Regionrådet for Hallingdal.
3. Samferdselsutvalet skal ha følgjande samansetning:
 - a. Tre representantar frå Regionrådet for Hallingdal.
 - b. Tre politiske representantar frå dei kommunane som ikkje er representerte gjennom regionrådstilknyttinga. Totalt skal det sikrast ein tverrpolitiske representasjon.
 - c. To representantar frå næringslivet.
 - d. Ein representant frå NHO og ein representant frå LO.

Endring av samansetning skjer i samband med kommuneval og nytt Regionråd/Hallingting.

4. Regionrådet for Hallingdal utformar mandat og vel representantar til samferdselsutvalet
5. Samferdselsutvalet rapporterer direkte til Regionrådet for Hallingdal etter nærare fastlagte retningslinjer.
6. Regionrådet for Hallingdal stiller administrativ ressurs til disposisjon for samferdselsutvalet. Her er det ei målsetting etter kvart å kunne finansiere ei 100% stilling.
7. For perioden fram til neste kommuneval (2023) vil samferdselsutvalet i Regionrådet for
8. Hallingdal vera samansett av:
 - Heidi Granli, ordførar Gol kommune, leiar
 - Petter Rukke, ordførar Hol kommune, nestleiar
 - Pål Rørby, ordførar Hemsedal kommune
 - Espen Karlsen, representant Ål kommune
 - Representant Nesbyen kommune
 - Representant Flå kommune
 - Roger Espeli, adm.dir. Geilogruppen, styreleiar Visit Geilo AS
 - Anders Buchardt, styreleiar og medeigar AB Invest A/S, eigar Fyri Resort i Hemsedal
 - Nina Solli, regiondirektør NHO Viken Oslo
 - Jan Petter Gundersen, regionnesteleiar LO Viken Oslo

Bakgrunn for oppretting av eit eige samferdselsutval er at samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåde for Regionrådet for Hallingdal. I Strategisk plan for Hallingdal 2021 – 2024 er samferdsel og eit prioritert innsatsområde. Det er eit ynskje frå Regionrådet for Hallingdal at det blir eit sterkare organisert tverrpolitisk samarbeid for å styrke innsatsen for bedre veg og bane i og til Hallingdal.

For store delar av næringslivet i Hallingdal er gode kommunikasjonsløysingar eit alfa og omega, og der næringslivet har vore og er ein aktiv bidragsytar for å betre situasjonen. Det er derfor eit ynskje med ei sterkare deltaking frå næringslivet i eit organisert samarbeid.

Ut frå vedtak i pkt.4 er det utforma slikt forslag til mandat for samferdseslutvalet:

1. Samferdselsutvalet er eit rådgivande organ for Regionrådet.
2. Samferdselsutvalet sitt oppdrag er å ta initiativ og arbeide for at Hallingdal i endå større grad skal lykkast for å få realisert viktige satsingar innan veg og bane.
3. Det er Regionrådet for Hallingdal som til ei kvar tid prioritera satsingsområder, men der samferdselsutvalet vil kunne koma med forslag til prioriteringar.
4. Samferdselsutvalet skal følgje opp Regionrådet sine prioriteringar overfor relevante etatar og departement og koma med forslag til aktivitetar/handlingar.
5. Samferdselsutvalet har etter nærare avtale høve til å engasjere rådgjevingshjelp om dette blir vurdert som nødvendig.
6. Samferdselsutvalet innstiller overfor Regionrådet i relevante samferdselssaker.
7. Samferdselsutvalet er ei nyordning der det vil vera rom for justering av mandat når det er gjort nærare erfaringar med ordninga.

Godtgjersle.....??

Ål 25.8.2021

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal